

30.000 til flott dugnadsprosjekt.

30.05.2020



Fint plassert på Flåtene vert den nye gapahuken bygd.

For eit par år sidan vart det etablert ei dugnadsgruppe etter initiativ frå Pål Haugland. Grappa har hatt fast møtetid om torsdagane, og har hatt mange prosjekt til nytte for Uskedalen. Fredag ettermiddag vart dei tildelt 30.000 kroner frå Sparebankstiftinga Kvinnherad til eit prosjekt som vil bli til stor glede for turgåarar; - gapahuk på Flåtene.



Dugnadsgjengen i arbeid

Pål Haugland i dugnadsgruppa er svært glad for den fine gáva frå Sparebankstiftinga Kvinnherad, og han fortel at arbeidet med gapahuken på Flåtene nærmar seg fullført.

- Eg reknar med at når vi får to gode torsdagar til så trur eg at vi skal komma i mål. Det er ein del innkledning og takarbeid som står att, fortel den 75-årige dugnadsentusiast. Han seier vidare at stokkane til reisverket vart hogne hos Steinar og Cathrine Haugland. Deretter vart dei barka og tørka før dei var heldige og fekk frakta dei på skogsvegen til Geir og Elin Enes frå Feet til Flåtene.

Pål fortel at i utgangspunktet var planen til dugnadsgruppa å byggja opp eit aktivitetsområde rundt gapahuken, men det har dei gått vekk frå.

- Vi vågar det rett og slett ikkje. Det er så omfattande regelverk vi må forhalda oss til, legg han til før han seier at han trur det vert ein ideell plass å gå til både for familiar, og ikkje minst skuleklassar. Dugnadsgruppa har også planar om ein mindre gapahuk ein annan stad i bygda, på eit aldeles nydeleg utsiktspunkt, og har alt fått materialar på plass der.



Matpause og gode historier høyrer alltid med.

Det manglar altså ikkje på planar og arbeid for dugnadsgruppa framover. Den store jobben deira denne våren har likevel vore i samband med den omfattande renoveringa av idrettshuset på Heio. Også i dette store prosjektet har Sparebankstiftinga bidrege mykje. Tidlegare har dei blitt tildelt 600.000 kr., og ved siste gåveutdeling vanka det nye store pengebeløp. Likevel trongst det stor dugnadsinnsats for å få det i hamn, og dugnadsgruppa vart kontakta. Etter at heile gruppa hadde gjort ein del arbeid, hovudsakleg innvendig riving i garderobane, slo koronaen til. Etter det kunne ikkje gruppa vera samla på jobb, men Knut Steinsletten har gjort ein kjempejobb med rørlegging, nokre gonger med hjelp av Lars Myklebust.

- Det burde ha vore eit glansbilde av Knuten, seier Pål Haugland for å beskriva den store dugnadsinndatsen han har lagt ned, og for å understreka respekten han har for denne karen som gjer så stor innsats på mange felt i bygdelivet.

Dugnadsgruppa er til stor nytte i bygda, men Pål understrekar at han og resten av gjengen har stor glede av det gode fellsskapet. Det er ein stødig gjeng på 8-9 personar som møtest ved Gamleskulen kvar torsdag, og det er ikkje berre jobbing. Matpausen, kaffien og dei gode historiene er også viktige. Før jul hadde dei dessutan julesamling med rikeleg med god mat på Haugland.

-Det var ein veldig kjekk kveld, og vi går også alltid fornøgde heim frå arbeidsøktene, avsluttar representanten for den driftige gjengen.

Uskedalen.no lovar å koma med ein oppfølgjar når gapahuken på Flåtene er ferdig.

Tekst og nett Thor Inge Døssland

Foto: Lars Myklebust